



## REFERAT FRÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING FOR SOGN OG FJORDANE TEATER L/L

Ordinær generalforsamling for Sogn og Fjordane Teater tysdag 21. juni 2016 kl 1700.  
Møtestad: Teateret sine lokale i Førdehuset.

Desse møtte:

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Karen Marie Hjelmeseter

Frå Førde kommune: Olve Grotle

Frå teateret sitt styre: Håkon Fimland

Frå administrasjonen: Margunn Grytten Selvik

Aksjeteljing: Alle aksjane var representerte ved Karen Marie Hjelmeseter frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Olve Grotle frå Førde kommune.

**SAK 1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

**SAK 2A: Val av møteleiar**

Vedtak: Håkon Fimland vart samrøystes vald.

**SAK 2B: Val av ein til å føre protokollen**

Vedtak: Margunn Grytten Selvik vart samrøystes vald.

**SAK 3A: Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse**

Vedtak: Generalforsamlinga godkjende samrøystes styret sitt framlegg til resultatrekneskap og balanse.

**SAK 3B: Godkjenning av styret si årsmelding**

Vedtak: Generalforsamlinga godkjende samrøystes styret si årsmelding.

**SAK 3C. Disponering av årsresultat**

Vedtak: Årets overskot, kr. 1 448 077 vert avsett til eigenkapital. Samrøystes.

**SAK 4. Endring av vedtekene, sjå vedlagt notat**

Vedtak: Generalforsamlinga vedtok samrøystes følgjande tekst for §3 i vedtekene for Sogn og Fjordane Teater.

### **§ 3 Styret**

Lutlaget sitt styre skal ha fem medlemer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå luteigar Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein av luteigar Førde kommune, og ein av dei fast tilsette. For styremedlemer valde etter forslag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane teater skal det veljast varamedlemer i rekjkjefølgje. For styremedlem frå Førde kommune vert det valt ein personleg varamedlem.

Alle fast tilsette står likt og kan velje og bli valde inn i styret. I tillegg til ein styremedlem, skal det veljast tre varamedlemer i rekjkjefølgje. Første vara møter fast med talerett.

Styremedlemene og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år.

Ved første gongs val etter ei endring av styresamanstjinga, kan nokre av dei aksjonærvalde styremedlemene veljast for kortare tid enn fire år.

Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Leiaren skal veljast mellom dei styremedlemene som er foreslått frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Styret er vedtaksført når minst tre medlemer er til stades. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst.

### **SAK 5. Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret**

Vedtak: Heile styret var på val og vart samansett slik:

Styreleiar: Håkon Fimland  
Nestleiar: Iris Loftheim  
Styremedlemmer: Ola Tarjei Kroken  
Kristine Lie  
Kjell Furevik

Varamedlemmer: I rekjkjefølgje frå Sogn og Fjordane fylkeskommune:  
1) Hanne Oftedal  
2) Eva Marie Halvorsen  
3) Anne Lilleåsen

Førde kommune: Ivar Svensøy

I rekjkjefølgje frå Sogn og Fjordane Teater:  
1) Reinert Hukset  
2) Kyrre Eikås Ottersen  
3) Reidun Støfring

### **SAK 6. Val av revisor**

Vedtak: Samrøystes attval av Pricewaterhouse Coopers AS

**SAK 7.**  
Vedtak:

**Fastsetjing av godtgjersle til revisor og styremedlemmer**

- a) Samla bokført revisjonshonorar for 2015 utgjer totalt kr. 63.375,-.
- b) Godtgjersle til styreleiar vart for 2011 fastsett til kr.32.000,-.  
Honoraret skal indeksregulerast med lønnsindeksen pr. 01.05. kvart år.
- c) Godtgjersle til styret sine medlemmer vert sett til dei same satsane som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval. Dessutan kan tapt arbeidsforteneste erstattast etter fylkeskommunen sine satsar.

Førde 21.06.2016

*Karen Marie Hjelmseter*  
Karen Marie Hjelmseter

*Olve Grotle*  
Olve Grotle